



Lb Bevertning AS  
Hallane 30A

5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1164 - 18/19302

Saksbehandlar:  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
ftm@lindas.kommune.no

Dato:  
15.06.2018

## Skjenkebevilling - Lindås brygge - inndraging av løyve etter prikktildeling

Vedlagt følger saksutgreiing med vedtak.

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



**Mottakarar:**  
Lb Bevertning AS

Hallane 30A

5955

LINDÅS

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
063/18	Formannskapet	PS	14.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Reidun Sæbdal	18/1164

## Skjenkebevilling - Lindås brygge - inndraging av løyve etter prikktildeling

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Skjenkebevillinga til LB – bevertning AS org. nr 918403914 ved Lindås brygge vert inndradd etter prikktildeling på grunn av brot på [alkoholforskrifta § 10-3 3 ledd 5 setning og 4 ledd 8 setning](#). frå og med 25.06.18, inntil omsetningsoppgåva er levert og minimum 10 dagar.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klageinstansen er Fylkesmannen. Ein eventurell klage sendast Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### **Formannskapet - 063/18**

#### **FO - behandling:**

Innspel frå LB Bevertning, epost sendt formannskapet 14.06.2018, vart lagt fram i møtet.

#### **Framlegg frå B.Vatnøy-Frp:**

Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:

Inndraging i perioden f.o.m 20 August t.o.m 30 August, dette vil da totalt utgjøre 11 dagar.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (B.Vatnøy-Frp)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 10 røyster.

#### **FO - vedtak:**

Skjenkebevillinga til LB – bevertning AS org. nr 918403914 ved Lindås brygge vert inndradd etter prikktildeling på grunn av brot på [alkoholforskrifta § 10-3 3 ledd 5 setning og 4 ledd 8 setning](#). frå og med 25.06.18, inntil omsetningsoppgåva er levert og minimum 10 dagar.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke.

Klageinstansen er Fylkesmannen. Ein eventurell klage sendast Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

**Saksopplysningar:**

Saka skal avgjerast i Formannskapet

**Bakgrunn**

[Alkoholforskrifta § 6-3](#) «Bevillingsmyndigheten fastsetter frister for bevillingshavers innsendelse av oppgave over forventet omsatt mengde alkoholholdig drikk og innbetaling av gebyr.

*Ved årets utløp skal bevillingshaver sende inn oppgave over faktisk omsatt mengde alkohol. Dersom det foreligger et avvik mellom tidligere oppgitt forventet omsetning og faktisk omsetning, kan bevillingsmyndigheten foreta en etterberegning og et etteroppgjør.»*

Ved manglande levering av omsetningsoppgåve innan kommunen sin frist, jf. kapittel 6 i denne forskrifta skal kommunen tildele prikkar.

Bevillingshavar vart varsla i brev 19.01.18 om rapportering av mengde omsett alkohol med tilbakemeldingsfrist 01.03.18.

Det vart i same brev informert om konsekvensar ved manglande innlevert oppgåve innan fristen og tildeling av to prikkar kvar 14. dag inntil oppgåva er levert, gjeldande frå 02.03.18.

05.04.18 vart det sendt purring, samstundes som ein varsla om prikktildeleging så langt. Bevillingshavar fekk frist til 16.04. for å gje tilbakemelding på dette, jf. forvaltningslova. Ingen tilbakemelding motteken frå bevillingshavar. Det vart i dette brevet informert om mulige konsekvensar ved yttarlege prikktildeleging.

18.04. tok kommunen telefonkontakt med bevillingshavar og etterspurte rapporten.

14.05. vart det sendt ut varsel om inndraging av løyvet jf forvaltningslova og oversikt på prikktildeleging, med uttalefrist 25.05.

Fullstendig omsetningsoppgåve er pr. 06.06.18 ikkje motteken.

**Vurdering**

[Alkoholforskriften kapittel 10](#) om handlar inndraging av salgs- og skjenkebevillingar, herunder prikktildelegingsystemet. Prikktildelegingsystemet er ein obligatorisk ordning og kommunen er forplikta til å følgja denne. Ulike brot vert tildelt eit visst antall prikkar der 12 prikkar i løpet av ein to - års periode vil føra til ein standarreaksjon på inndraging av løyvet i ei veke. Dersom det er meir enn tolv prikkar som gjev grunnlaget for inndraging, skal inndragingslengden utmålalt etter skjema.

1 prikk = 1 dags inndraging

2-3 prikkar = 2 dagars inndraging

4-5 prikkar = 3 dagars inndraging

6-7 prikkar = 4 dagars inndraging

8-9 prikkar = 5 dagars inndraging

10-11 prikkar = 6 dagars inndraging

12 prikkar = 7 dagars inndraging

Dato for 1. brot var 02.03.18 og pr. 01.06.18 er det tildelt 16 prikkar, 15 prikkar for manglande innlevering av omsetningsoppgåve og 1 prikk på brot på reklameforbodet tildelt 05.04.18

I merknader til alkoholforskrifta pkt. 10.3.4.3 frå helsedirektoratet står det «Manglende levering av omsetningsoppgave og betaling innan kommunens frist er forhold som kan være belastende for kommunen. Bevillingsgebyret er et viktig inntektsgrunnlag for kommunen og det er ressurskrevende å purre på omsetningsoppgaver og å innkreve bevillingsgebyr. Det er en forutsetning for å kunne utøve bevillingen at man leverer omsetningsoppgave og betaler omsetningsgebyr.

Normaltilfellet vil typisk være at bevillingshaver ikke leverer eller betaler innenfor første frist kommunen har fastsatt. Dersom bevillingshaver fortsatt ikke leverer etter at prikker har blitt tildelt, vil dette kunne anses som en svært skjerpande omstendighet, [alkoholoven § 10-4.](#)»

Dersom det føreligg «skjerpande omstendighet» kan kommunen tildele fleire prikkar og eit brot kan føra til inndraging av løyvet.

Bevillingshavar er blitt orientert om prikktildeling ved manglende innlevering av omsetningsoppgåve i fleire høve, både muntleg og skriftleg. Då dette etter alkoholoven vert sett på som svært skjerpande omstendighet tilrår ein inndraging av løyvet inntil fullstendig omsetningsoppgåve er levert og minimum i 10 dagar. Tidspunkt for inndraging bør vera innan 4 veker etter vedtaksdato [alkoholoven § 10-6](#) . Ein foreslår inndraging av løyvet frå og med 25.06.18.

.....